

Kvinner som gjekk føre



Ei utstilling ved Bibliotek for humaniora
Universitetsbiblioteket i Bergen
2013

Kvinner som gjekk føre

I år er det 100 år sidan kvinner i Noreg fekk full stemmerett på like vilkår som menn. Universitetsbiblioteket i Bergen, Bibliotek for humaniora vil markere jubileet med ei utstilling vi har kalla "Kvinner som gjekk føre". Med utgangspunkt i Universitetsbibliotekets egne samlingar fokuserer vi her på nokre av dei sterke og frie kvinnene som gjekk først i kampen når det gjaldt like rettar for kvinner og menn, som var pionerar på sine felt og opptatt av kvinners frigjering. Dei var føregangskvinner. Dei synt handlekraft og handlingsvilje, uansett om dei var direkte eller indirekte engasjerte i det politiske arbeidet for full stemmerett. Dette gjeld både Camilla Collett, Aasta Hansteen, Ragna Nielsen, Randi Blehr, Rachel Grepp, Fernanda Nissen, Hulda Garborg og Bolette C. Pavels Larsen.

I tillegg til dei føregangskvinnene vi tek med i utstillinga, må vi nemne tre kvinner som alle var svært sentrale i kampen for at kvinner fekk full stemmerett i 1913: Gina Krog, Anna Rogstad og Fredrikke Marie Qvam. To menn kan òg nemnast: Hagbard Berner og Viggo Ullmann.



© Universitetsbiblioteket i Bergen, www.uib.no/ub
Tekst: Jan Olav Gatland, Bibliotek for humaniora
Formgjeving: Pedro Vásquez, Manuskript- og librarsamlingane
Omslag: Pedro Vásquez
Katalogen er også tilgjengeleg på UBs heimeside.



Første kvinne legg stemmeseddelen i urna ved kommunevalget i 1910.
Foto: Oslo Museum.

Camilla Collett



Camilla Collett (f. Wergeland 1813-1895) er den av følgjande kvinner som helst skulle hatt si eiga utstilling, ikkje minst fordi ho i år har 200-årsjubileum. Camilla Collett var forfattar og kvinnesakspionér. Ho kjempa tidleg for kvinnefrigjer, for respekt og likeverd, og vart ei viktig inspirasjonskjelde for den politiske kvinnerørsla i Noreg. Derfor blei ho òg heidra som æresmedlem då Norsk Kvinnesaksforening blei stifta i 1884.

Collett er mest kjend for romanen *Amtmandens Døttre* (1855) og artikkelsamlinga *Frå de stummes leir* (1877), der ho for første gong nyttar termen *feminisme*.

Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen har to brev frå Camilla Collett, ifølgje katalogen eitt brev på åtte sider til Edgar Sødving datert Hotell Phønix

21.4.1871, og eitt tosidars brev til Christian Borch datert Modum Bad 18.8.[utan år]. Dessverre er Camilla Colletts handskrift svært vanskeleg å tyde, i alle fall for underteikna, og vi kan derfor ikkje fortelje noko om innhaldet. Vi stiller ut nokre sider frå breva og utfordrar publikum til å dechifrere dei.

Ragna Nielsen



Ragna Nielsen (f. Ullmann, 1845-1924) var pedagog og kvinnesaksforkjempar. Ho var ein av grunnleggjarane av Norsk Kvinnesaksforening i 1884 der ho var leiar i mange år, og av Kvindestemmerettsforeningen i 1885. Same år oppretta ho *Fru Ragna Nielsens Latin- og Realskole* i Oslo, med fellesundervisning for begge kjønn. Det vekte stor oppsikt at ei kvinne skulle leie ein skule med mannlege elevar, og det blei ikkje betre då ho tilsette lærarinner til å undervise heilt frem til artium. Skulen blei etter kvart ein av byens største og beste, men blei nedlagt i 1927.

Ragna Nielsen sat i bystyret for Venstre, skreiv artiklar og heldt mange foredrag. Universitetsbiblioteket har eit brev frå 17. september 1903 der ho skriv til fiskeriinspektør Fredrik M. Wallem. Han var òg journalist, m.a. i *Morgenbladet* 1864-67, og redaktør, m.a. i *Bergensposten* 1868-75. Wallem var òg aktiv i *Vestmannalaget*.

"Hr. fiskeriinspektør Wallem! Jeg er meget taknemlig for Deres brev, som morede og interesserte mig meget. Maa jeg faa lov til at benytte, hvad De skriver, engang ved leilighet? Jeg har nemlig tænkt enten at forsætte det arbeide, jeg har begyndt paa med artiklerne i *Morgenbladet* og udgive det hele som bog eller ialfald deponere alle de oplysninger og karakteristiske smaatræk, jeg har samlet, i universitetsbiblioteket til fremtidig brug for forfattere af kulturhistorie. Og der er i Deres brev saa mange ting, som vil være en fryd for personalhistorikere at faa vide. – Med megen tak Deres ærbødige Ragna Nielsen."

Dei omtalte opplysningane kom truleg til nytte i boka *Norske kvinder i det 19de aarhundrede* som Ragna Nielsen gav ut i 1904. Innleiingsvis ser ho 100 år fram i tida og spør: "Har norske Kvinder i det 20de Aarhundrede benyttet alle de Fordele, al den Adgang til Udvikling, som foregaende Aarhundreder ikke bød Kvinderne, har de arbeidet sig ud af al Daarligheden i sin kvindelige Natur, arbeidet fram en Kvindetype, saa fuldkommen som Verden aldrig før saa? Har de ikke det, har de daarlig benyttet sin Frihed."

Aasta Hansteen

Aasta Hansteen (1824-1908) var malar, forfattar og kvinnesakspionér. Ho var den første kvinne i Noreg som blei utdanna til profesjonell kunstmalar. Som einaste kvinne blei ho tatt ut til å representere Noreg på verdsutstillinga i Paris i 1855. Seinare representerte ho fleire gongar Noreg ved utstillingar i utlandet.

Hansteen vart tidleg begeistra for Ivar Aasen og landsmålet, og gav alt i 1862 anonymt ut ei bok med tittelen *Skrift og Umskrift i Landsmaalet*. På det handskrivne og litt utvida manuskriptet i Universitetsbiblioteket står det på "tittelbladet": *Dikt i (Ivar Aasens) landsmaal af Aasta Hansteen 1862-67*. Det første diktet er "Visa um harpa" og byrjar slik: "Gomol harpa vardt i kræi eingong sett, / skalden han seg vilde kvila."

I 1870 skreiv Aasta Hansteen fire store artiklar i Dagbladet med støtte til John Stuart Mill og boka hans om *Kvindernes Underkuelse*, som året før kom ut på dansk ved Georg Brandes. Hansteen vart ein ivrig skribent og skreiv ei lang rekke avisinnlegg, pamflettar og polemiske skrifter. I februar 1871 publiserte ho artikkelen *Kvindens stilling i Verden*, for første gang under fullt namn. Her tok ho eit oppgjær med den alminnelege kristelege oppfatninga, og hevda at kvinna var skapt i Guds bilde som eit fullt og heilt menneske og med ein likeverdige natur som mannen. Dette tok ho oppatt i sitt hovudverk *Kvinden skabt i Guds Billede* (1878). I forkant reiste ho rundt og heldt foredrag både i Noreg, Sverige og i Danmark.

I 1875 kasta ho seg aktivt inn i saka om den svenske baronessa Jacqueline Liljencrantz som var blitt forført av ein norsk medisinstudent. Hansteen forlangte at han anten skulle gifte seg med henne eller utvisast frå universitetet. Ho skreiv brosjyrar, lesarbrief og viser/dikt, og danna ei kvinnegruppe som slo opp plakatar med studentens namn, Anton Gjerding. Det skulle vere same moral for kvinna som for mannen, hevda ho. I juni 1875 sende ho eit lesarinnlegg til redaktør Fredrik Meltzer Wallem i Bergensposten der ho mellom anna syner til det nyss utkomne skriftet *Miscellanea Universitatis regiae Fredericianae* der Aasta Hansteen gjengir brev og dokument i saka. I følgjebrevet til redaktøren skriv ho:

"Herr Redaktør! Vil De, godhedsfuldt, indrykke vedlagte lille Notits om Baronesse Liljencrantz, tillige med vedlagte Vise, i Deres ærede Blad? Jeg antager at begge Dele vilde interessere Deres Abonnenter. Agtelsesfuldt Aasta Hansteen"

Aasta Hansteens originalitet og eksentriske vesen gjorde at Gunnar Heiberg i 1884 nytta ho som modell for hovudpersonen i det kjende skodespelet sitt: *Tante Ulrikke* – som den eksentriske, halvgale og mannevonde kvinnesakskvinna med ridepisk og paraply. Aasta Hanssen kjende seg forfølgd og reiste til Amerika, "til fridommens land", men kom heim etter nokre år og blei feira som ein stor pionér for kvinnesaka.



Randi Blehr



Randi Blehr (f. Nilsen, 1851-1928) var født og oppvaksen Bergen, men var seinare busett i hovudstaden. Her var ho med og stifta Norsk Kvinnesaksforening der ho var formann i nesten 25 år. Ho var ein forkjempar for kvinnestemmeretten, og gjorde eit stort arbeid for fredssaka. Randi Blehr var òg med på å stifte Norske Kvinners Sanitetsforening i 1896. Dessutan var ho ivrig opptatt av husstell- og husflidsundervisninga, og oppretta i 1889 den første norske biletvevskulen i Lærdal i Sogn og Fjordane saman med Frida Hansen.

Randi Blehr kjende òg Fredrik M. Wallem, og i eit brev frå januar 1873 minner ho han på gammalt vennskap:

"Vi taler ofte om 'de unges forbund' men hvorledes det står til der ved vi

endnu ikkje. Det skulde være morsomt at få høre frå vennerne! Men det tør vi vel ikke håbe. Men glemme os rent gjør De vel ikke, kan jeg tro, [så en hilsen får De ialfald, både selv sende – og skaffe os fra de andre ved at sende dem vor *hjørteeligste*, ja hele forbundet, Dem ikke mindst.] Ja tag de bedste og hjørteeligste ønsker fra Deres venninde, Randi Blehr."

Fernanda Nissen



Fernanda Nissen (1862-1920) var journalist, kritikar og arbeidarparti-politikar. Ho var aktiv i Norsk Kvinnesaksforening og i Kvinnestemmerettsforeningen og seinare i Landskvinnestemmerettsforeningen, og engasjerte seg særleg i at kvinner skulle få utdanning. Ho sat i diverse styre i Oslo (Kristiania), m.a. i skolestyre, fengselstyre og i Deichmanske bibliotek. Fernanda Nissen var også landets første filmsensor (saman med Arne Halgiem). Det var i 1913, altså fyller Statens filmkontroll 100 år i år.

Nissen var venninne med Rachel Grepp (sjå lenger bak), og dei fortsette truleg samtalen per brev

eller brevkort, t.d. sommaren 1919 då Rachel Grepp var på besøk i Bergen. Her er det ikkje berre politikk Fernanda Nissen er opptatt av, men av kvardagslege hendingar som her med ein frekk butikkespeditor:

"Takk for brev – nei tilstanden er tværtimot den, at jeg ikke kan faa kjøpt et fattigt fjeldskjørt fordi 'vi syr ikke op til saa svære damer'. Bæstet døde ikke av mine blikke, men hvisket smilende: man kan se paa fru en at 'rationeringen er forbi'. Tænk at man ikke kan slaa ihjæl uten de største ubehageligheter for en selv."

Rachel Grepp har tydelegvis skrytt av kor fint det er å komme heim til Bergen, for Fernanda Nissen skriv: "Fjøsanger er altsaa netop det paradiset jeg burde ha til mine eventuelle barnebarn."

Det nye Ministerium. - Kvinderne ved Roret.



Høyrste Rokke: Anna Rogstad, (Kirke- og Undervisningsminister). Asta Hansteen, (Krigsminister).
 Nølerste Bakke: Gina Krogh, (Chef for Landbrugs-Departementet). Randi Blehr, (Udenrigs- og Finansminister).
 Elise Hansteen, (forhenv. Veterinærdirektør, Statsminister og Chef for Revisions-Departementet). Ragna Nielsen, Justitsminister.
 Madame Berner, (Chef for de offentlige og løbende Forretninger).
 Elise Heyerdahl, (Handels- og Sjøfartsminister). Alma Fahlstrøm, (Arbejdsminister).

Udtrækt for Dame

Då kvinnene fekk avgrensa stemmerett i 1907 laga Gustav Lærum denne karikaturen, trykt i *Vikingen* nr. 29, 1907. Tittelen var «Det nye Ministerium - Kvinderne ved roret». Bak f.v. kyrkje- og undervisningsminister Anna Rogstad, krigsminister Aasta Hansteen, landbruksminister Elise Heyerdahl, arbeidsminister Alma Fahlstrøm.

Framme f.v. handels- og sjøfartsminister Gina Krogh, utanriks- og finansminister Randi Blehr, statsminister Lisa Kristoffersen (tidl. veterinærdirektør), justitsminister Ragna Nielsen (med riset) og Hagbard Berner, sjef for offentlege arbeid og løpande forretningar

Rachel Grepp



Rachel Grepp (f. Helland, 1879-1961) var frå ein velstående skipsreiarfamilie i Bergen og blei aktiv sosialist. Saman med mannen Kyrre Grepp var ho i 1902 med og stifta Bergens socialdemokratiske ungdomslag. Seinare vart ho medlem av Oslo bystyre 1923–45 for Arbeidarpartiet og journalist i Arbeiderbladet 1922–49. Her var ho redaktør for vekebilaget *Lørdagskvelden* og avisa si kvinneside. Ho skreiv òg i *Vor Tid* og i *Arbeiderkvinnen* (tidlegare *Kvinden*).

Rachel Grepp var lita av vekst, men gjorde stort inntrykk. På Kominterns 4. kongress i Moskva 1922 talte ho til 4000 delegatar frå heile verda. I Oslo blei ho kalla "Byens populæreste kvinne" og blei to gongar valt inn i bystyret med det største stemmetalet. Ho var m.a. formann i kinostyret i Oslo i 20 år (1929–49) og i styret

for Statens kvinnelege industriskule i 24 år (1930–54). Ho fekk Kongens fortenestemedalje i gull og var den første som blei tildelt St. Hallvard-medaljen av Oslo kommune (1956). I Arbeiderbladet skreiv ho:

“Politikk er ikke noe ubestemmelig noe som foregår på møter, i bystyret, i Stortinget. Politikk er alt som berører det daglige liv. Det er mat og klær og hus og skole. Det er alt som angår deg og meg og våre hjem. [...] Det er ikke bare mennenes sak, men i like høy grad kvinnenes å være med å kjempe framover mot et nytt, lyst og bedre samfunn med rom for alle og nød for ingen.”

Hulda Garborg



Hulda Garborg (1862-1934) var forfattar og kulturarbeidar, særleg opptatt av folkevisedans, bunadar og teater. Ho var sterkt engasjert i opprettinga av Det Norske Teatret i 1913, og opningsframsyninga var Hulda Garborgs komedie *Rationelt Fjøsstell* og Ivar Aasens *Ervingen*. Som forfattar debuterte ho i 1893 med romanen *Et frit forhold*, som kom ut anonymt på Mons Litlerés forlag i Bergen.

I tillegg til å vere ein aktiv skjønnlitterær forfattar (særleg romanar og dramatik) tok ho del i samfunnsdebatten om likestilling mellom kvinner og menn. I 1904 gav ho anonymt ut essayet *Kvinden skabt af Manden*, som selde bortimot 10 000 eksemplar same året, og året etter *Fru Enas Dagbog* med den salsfremjande undertittelen "udgivet af Forf. til *Kvinden skabt af Manden*".

Hulda Garborg brevveksla med litteraturkritikaren Bolette C. Pavels Larsen (sjå neste oppslag). Hulda Garborg var fleire gonger i Bergen, m.a. på besøk i Bondeungdomslaget Ervingen, for som ho seier, å lære "Ervingerne" å danse folkevisedans. I juli 1902 skriv ho til Bolette:

"Den bedste Tid jeg har havt var de fire Dage i Bergen! Der var nu i det hele saa koseligt, at jeg formelig længter tilbage. Og det har jeg nu først og fremst Dem og Hr. Larsen at takke for! Dere var saa rent for snille og opofrende med mig! Og saa de ivrige, kjække Ervinger!"

Like etter blir dei dus og i desember same året skryt Hulda av Bolette si nye bok, *Kløver og Klunger*. "Jeg har netop læst din Bog! Jeg gratulerer dig! Lykkelig du som kan skrive morsomt. Selv de morsomste Emner forvandler sig under mine Hænder til Tragedier. Og saa inderlig lei som jeg nu er af alslags Begrædelighed. Du kan takke Gud for dit 'Sognablo' du!"

Bolette C. Pavels Larsen

Bolette C. Pavels Larsen (1847-1904) var forfattar, omsetjar, journalist og kritikar i Bergens Tidende, og sterkt engasjert i målreisingsarbeidet, m.a. i Vestmannalaget. Ho var opprinneleg sogning og gav ut fleire stubbar på sognamål, som ho òg las opp ved fleire høve, både i Oslo og i Bergen.

Bolette Pavels Larsen vekte oppsikt som kritikar. Ho var truleg den første kvinnelege hovudkritikaren i ei dagsavis sjølv om ho stundom nytta signaturen P-ls. Ho melde svært mange bøker, men ho var dyktig og vart både akseptert og respektert i det litterære miljøet. At Pavels Larsen òg var omtykt som kritikar og synte god litterær forståing, viser følgjande brev frå Amalie Skram til redaktør Olav Lofthus i Bergens Tidende etter avismeldinga av romanen hennar *Lucie*:

"Hvad er det dog for et storartet, brilliant menneske, som skriver om bøger i Deres avis? Det *maa* og *skal* De sige mig, for saa vil jeg straks gi mig *til at elske* vedkommende. En saa fin psykologisk forstaaelse og et saa enestaaende mod til at være sig sin mening offentlig bekjendt falder det ikke i hver mands lod at bli behandlet af. Hvem er det dog? Si mig det. Og hvis De ikke gider skrive til mig, hvad De naturligvis ikke gjør, saa hils vedkommende 1000 millioner gange og tak ham som ingen endnu er bliven takket *her* i verden." (23.11.1888)


Bolette Pavels Larsen skreiv til Amalie Skram og håpa at ho ville elske henne like fullt når ho fekk vite at vedkommande kritikar tilhørde hennar eige kjønn. Det var Amalie Skrams minste kunst, ifølgje A. Tiberg i boka om Skram frå 1910.

I 1886 rår Bolette Pavels Larsen norske kvinner til å lese svenske kvinnelege forfattarar "fordi de skrivende svenske Damer er optagne af et Thema, der ogsaa hos os mere og mere begynder at vække til Alvor, nemlig Kvindespørgsmaalet. [--] det er nu meget faa oplyste svenske Damer, som ikke interesserer sig for Kvindebevægelsen." (Sitert frå I. Steganes bok om B.P.L. frå 1997)

Pavels Larsen brevveksla med ei rekkje forfattarar, som Arne og Hulda Garborg, Amalie Skram, Knut Hamsun, Hans E. Kinck, brørne Edvard og Georg Brandes og Werner von Heidenstam. Ho var gift med bankfullmektig Ole J. Larsen, og samlinga deira av brev, ex libris og anna vart seinare donert til Bergens Museum, og er i dag tilgjengeleg for spesielt interesserte ved Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen.



Bolette Christine Pavels Larsen, henta frå boka *Norske kvinner, 150 portretter* ved Ulla Meyer.



Til

Randi Blehr

i venstrek og sympati-

og

med de hyndeligste lykønskninger
til sølvbryllupsfesten 19^{de} juni 1901.

fra

Gina Krog.

Som gåve til sølvbryllupet i 1901 fekk Randi Blehr ei innbunden utgåve av dei to første årgangane av *Nylænde* (1887-1888) av tidsskriftets redaktør, Gina Krog. Her ser vi helsinga ho skreiv.

Nylænde

Nylænde, med undertittelen *Tidsskrift for kvindernes sak*, var eit feministisk tidsskrift, grunnlagt i 1887 og utgitt av Norsk Kvinnesaksforening. Det første nummeret hadde omslag av Erik Werenskiold, og eit dikt av Jonas Lie:

*Det fremad klinger og frem vil gaa,
en Verden af Længsler nu banker paa,
Aarhundredets Aand
brød Kvindens Baand,
og foran os aner vi stort og vidt
det Nylænde, Livet sig til har stridt.*

Tidsskriftet hadde ei solsikke som symbol, visstnok etter påtrykk frå Aasta Hansteen som tok med seg frø frå Amerika. *Nylænde* var eit felles politisk diskusjonsforum og kjelde til informasjon for norske kvinneorganisasjonar. Det spelte ei sentral rolle i utviklinga av den organiserte kvinnerørsla og kampen for full stemmerett for kvinner.

Tidsskriftet hadde òg litteraturmeldingar og kom ut annakvar veke. Redaktørar var Gina Krog (1887-1916) og deretter Fredrikke Mørck fram til 1927 då bladet måtte gå inn på grunn av dårleg økonomi.



Urd

Urd var eit norsk vekeblad særleg retta inn mot kvinner som kom ut i tida frå 1897 til 1958. Bladet handla særleg om litteratur og kultur, men inneheldt også folkeopplysing og familiestoff. Det hadde ein kristen og borgarleg profil og fremja ei moderat form for kvinnesak. *Urd* blei starta av journalistøstrene Anna (1864-1956) og Cecilie Bøe (1856-1947), som gav bladet ut saman med boktrykkjaren Oscar Andersen. Anna Bøe var redaktør frå byrjinga og fram til 1933.



Foto:

1. Første kvinne legg stemmeseddelen
<http://www.oslobilder.no/OMU/OB.F03475b>
 2. Camilla Collett
http://farm7.staticflickr.com/6047/6275558689_ffc040b4d9_o.jpg
 3. Ragna Nielsen
http://www.oslobilder.no/OMU/OB.F20801c?query=%22Nielsen,+Ragna+Vilhelmine%22&count=9&se arch_context=1&pos=2
 4. Aasta Hansteen
www.oslobilder.no/OMU/OB.F03797a?query=Aasta+Hansteen&count=7&search_context=1&pos=1
 5. Randi Blehr
http://en.wikipedia.org/wiki/File:Portrett_av_Randi_Marie_Blehr,_1899.jpg
 6. Fernanda Nissen
http://www.flickr.com/photos/national_library_of_norway/6275558749/
 7. Rachel Grepp
<http://www.arbark.no/kalender/Kal0305/kal.htm>
 8. Hulda Garborg
 9. Andre
- Borgens Atelier (Oslo) Eigar: Nasjonalbiblioteket
Manuskript- og librarsamlingane

Då norske kvinner blei norske borgarar

For kvinner i Noreg har retten til å få utdanning og til å stemme ved val o.l. gått gradvis. Her følgjer ein del viktige årstal:

- 1882 Den første kvinna tok examen artium
- 1884 Norsk Kvinnesaksforening blei danna
- 1884 Kvinner fekk tilgang til universitetsutdanning
- 1885 Kvinnestemmerettsforeningen blei stifta
- 1888 Gifte kvinner blei gjort myndige
- 1898 Menn fekk allmenn stemmerett, aldersgrense 25 år
- 1898 Landskvinnestemmerettsforeningen blei etablert
- 1901 Kvinner fekk avgrensa kommunal stemmerett, og rett til å bli vald inn i kommunestyret
- 1907 Kvinner fekk avgrensa stemmerett ved stortingsval
- 1910 Allmenn stemmerett ved kommuneval blei innført for alle
- 1913 Kvinner fekk nasjonal stemmerett på like vilkår som menn, og rett til å bli valde inn på Stortinget.

Ein del av kampen for at kvinner kunne få full stemmerett, var at dei først måtte bli norske borgarar. I grunnlova frå 1814 heitte det at "Stemmeberettigede ere de Norske Borgere...", men dette gjaldt berre for menn! På dette tidspunktet blei ikkje kvinner rekna som norske borgarar, noko som òg var blitt presisert av Stortinget i 1818.

I ettertid kan det synast som ein underleg debatt der motstandarane ikkje ville godkjenne kvinner som sjølvstendige menneske. Kvinner høyrde til i heimen, i den private sfære og ikkje i det offentlege liv. Viss dei steig over grensene for sitt kjønn, ville dei bli ulykkelege, og det ville øydeleggje balansen mellom kjønna og i samfunnet. I Stortinget i 1890 synte biskop Johan Christian Heuch til den heilage skrifta og hevda at likestillinga var imot Guds skaparordning. Då ville familien bli oppløyst, moralen øydelagt og samfunnet komme ut av likevekt. For når kvinna ikkje lenger vil vere kvinne, kva blir ho då: "Hun bliver et vanskabt Misfoster, hun bliver et Neutrum."

Veterinærdirektør Ole Olsen Malm følgjer same linja heilt ut, nemleg at likestilling og kvinnestemmerett fører til at kvinner blir lesbiske: "Homosexualiteten henger derfor øiensynlig sammen med nutidens kvindesagsbevægelse, idet den er en naturligt tilhæng til denne samfundsskadelige retning. [--] sammenhæng med den abnorme, kjønsodelæggende og derfor naturstridige samfundsbevægelse, som feminismen i virkeligheden er." (*Norsk magasin for lægevidenskaben* 3/1907)

Men heldigvis var det andre som brukte fornuften, og den 11. juni 1913 blei altså norske kvinner norske borgarar. Då vedtok Stortinget, einstemmig og utan debatt, at "Stemmeberettigede ere norske Borgere, Mænd og Kvinder,"

MORGENAVISEN

BERGEN

Fredag 13. Juni 1913

Dagbladet

Torsdag 12 juni 1913.

E. B. Hansen, Fickelje
Derefter vedtoges indstillingen med 99 mod 13 st. De 13 var høire landtagen Syrrist, Ramm, Glunne- stad, Johnson, Sanne og Gødske Nielsen. De 3 frisindede Spange- lo, Svendsbøe og Kopseng stemte for indstillingen.

Konstitutionskomiteen indstille- de enst. paa alm. statsborgerlig stemmeret ogsaa for kvinder.

Chr. Knudsen optog forsla- get, om, at stemmeretsalderen for mænd og kvinder skulde sænkes fra 25—21 aar. Dette forslag blev støttet af Eftestøl, Løberg, Ribs- skog og Trædal, mens Jacobsen og Thallaug talte mod. Forslaget blev forkastet med 84 mod 26 st. De 26 var socialisterne samt Lø- berg, Eftestøl, Lappen, Fretheim og Trædal.

Alm. stemmeret for kvinder blev vedtat enstemmig.

Mødet sluttet kl. 10.

Almindelig kvinde- stemmeret.

Konstitutionskomiteen indstillet en- stemmig paa almindelig statsborgerlig stemmeret ogsaa for kvinder.

Chr. H. Knudsen optok i stor- tinget igaar forslag om, at stemmerets- alderen for mænd og kvinder skulde sænkes fra 25 til 21 aar.

Dette forslag blev støttet av Efte- støl, Løberg, Ribsskog og Træ- dal, mens Jacobsen og Thal- laug talte mot.

Forslaget blev forkastet med 84 mot 26 stemmer. De 26 var social- isterne samt Løberg, Eftestøl, Lappen, Fretheim og Trædal.

Almindelig stemmeret for kvinder blev vedtat enstemmig.